

**Fra:** Nils Kvalvågnes <nils.kvalvagnes@gmail.com>  
**Sendt:** onsdag 15. september 2021 15:08  
**Til:** John Ragnar Myking; Marianne Magnussen; tommagnussen1962@gmail.com; Morten Hjortland; jorunn.h.kvalvagnes; Rune Vedeler  
**Emne:** Sjå vedlagt brev fra kommunen om retting av tiltak  
**Vedlegg:** Krav om retting av ulovleg forhold 15-09-21.pdf; Godkjent situasjonsplan hyttefelt Kvalvågnes - Mikkelvågen.pdf; Løyve til avkjørsel 84-25.pdf; Kartvedlegg til byggesøknad 84-25 og 84-26.pdf; Brev om opprusting privatveg Kvalvågnes 2008.jpg

Hallo

Kommunen har teke oppatt klagen frå Rune Vedeler m.fl. på vedlikehaldsarbeidet me gjorde på gardsvegen vår fram til utmarksgjerdet i samband med flyttinga av foringsplassen for beitedyra dit.

Det er litt vanskeleg for oss å vita akkurat kva område av "parkeringsplassen" kommunen meiner må tilbakeførast, men så vidt eg forstår gjeld det ikkje dei to godkjende parkeringsplassane til Myking og Magnussen. Når det gjeld gardsvegen fram til utmarksgjerdet så er ikkje den nemnd i det heile. Denne vegbiten syner og på kartet som følgde byggjesaka til gnr 84/4 og er merka her som "gardsveg". (sjå vedlegget). Vegen er mykje eldre enn det også, sidan den var nytta som tilkomst til foringsplassen for beitedyra som gjekk i utmarka lenge før hyttefelt var påkome.. Den var også nytta som transportveg for hyttebygginga i Mikkelvågen frå tidleg på 1970 talet og eigarane av dei fire hyttene der har ferdselsrett på denne vegen i sine skøyte. Gardsvegen for bruka 84/ 1,2,4 og 33 frå kommunal veg og fram til og med snuplassen ved hyttefeltet i Mikkelvågen vart ferdig oppgradert til bilvegstandard hausten 2008 (sjå vedlagt rapport til Odd Gjerde om dette).

Byggesaksavdelinga har i sitt pålegg ikkje nemnt desse faktum og heller ikkje at gardsvegen er teikna inn på situasjonsplanane i målestokk 1:5000 og 1:1000 vedlagt byggesøknadane for hyttene i for hyttefeltet i Mikkelvågen. Sidan vegetilkomsten over vår gardsveg er også er synt i byggesaka til 84/25 og kommunen har gitt avkjørselløyve til 84/25 alt i 1978, reknar eg med at tilkomsten alt var godkjent då og difor ikkje treng ny godkjenning no. Men dette må eigar av 84/25 avklara med kommunen sjølv. For vår del har ikkje dette noko stor betydning sidan det er bruken av vegen som tilkomst til foringsplassen som er i vår interesse.

Me kjem til å stengja området for parkering for alle som må nytta vår grunn for å parkera - slik kommunen krev. Ferdlsretten har alle i behald slik eg forstår kommunen, men me kan ikkje tilby gjesteparkeringsplassar. Dei som ikkje kan dokumentera at dei eig ein godkjend stad å parkera,, må parkera utanfor vår eigedom. Dette gjeld i alle fall eigar av 84/26 - Vedeler, men også Hjortland om dei ikkje får grønt lys for at tilkomsten over vår gardsveg til sin tomt alt vart godkjend som tilkomst i samband med byggesaksbehandlinga for 84/25 i 1978 (sjå vedlagde kart og godkjenning av avkjørsle frå kommunal veg).

For vår del kjem me ikkje til å søkja om løyve til å etablera gjesteparkeringsplassar, som kommune i pålegget krev at me skal gjera, sidan området primært er og har vore tilsyns- og foringsplass for beitedyra og til garden sin bruk elles.

Sjå elles vedlegga.

Helsing Nils Kvalvågnes